



Adresseliste

Dato: 18.11.2015
Vår ref.: 2015/7064-5
Saksbehandlar: marrods
Dykkar ref.:

Invitasjon til samrådsmøte om Regional planstrategi 2016-2020 - 15.desember 2015

Hordaland fylkeskommune startar no opp arbeidet med ny Regional planstrategi for 2016-2020 med sikte på vedtak i fylkestinget i desember. Planstrategien skal setja felles mål for utviklinga i Hordaland fylke og prioritera satsingsområde der det er trong for å utarbeide eller revidere regionale planar.

Fylkesutvalet er planutval i Hordaland fylkeskommune og vil vera styringsgruppe for arbeidet. Samarbeid og medverknad i utvikling av strategien er vesentleg for eit godt resultat. Fylkeskommunen inviterer derfor til ei samrådsgruppe i arbeidet. Samrådsgruppa vil vera ein viktig arena for informasjon, innspel og drøfting både av prosess og innhald. Samansetjinga av samrådsgruppa er foreslått slik:

Frå fylkeskommunen: Fylkesordfører, opposisjonsleiar og tre utvalsleiarar frå fagutvala i fylkestinget

Frå staten: Fylkesmannen i Hordaland

Frå kommunane: Politiske representantar frå regionråda i Hardanger, Sunnhordland, Nordhordland og regionrådet Vest samt byrådsleiar i Bergen kommune.

Første møte er planlagt 15.desember kl 0900 -1200 inklusive lønsj

Stad: Bergen, Fylkesutvalssalen i Fylkeshuset

Dagsorden vil bli sendt ut seinare, men hovudtema vil vera prosess og framdrift samt utfordringar for Hordaland. Vedlagt følger kopi av sak om oppstart i fylkesutvalet.

Vi ber om melding om kven som deltek i samrådsgruppa og møter på samrådsmøtet 15.desember innan 10. desember til marit.rodseth@hfk.no.

Venleg helsing

Anne Gine Hestetun
fylkesordfører

Adresseliste:

Fylkesmannen i Hordaland

Regionråd for Hardanger

Samarbeidsrådet i Sunnhordland

Nordhordland regionråd

Regionrådet Vest

Leiar i kultur, idrett og regional utvikling

Leiar i miljø og samferdsel

Leiar i opplæring og helse